

17.mai-komiteen gjev overskot til skidag.

25.02.2016



Frå skidagen midt i mars i fjor

Barberte skulebudsjett har gjort det vanskeleg for skulane å få gjennomført skidagar og andre turopplegg. Det er heller ikkje tillate med eigenbetaling. I fjor sikra m.a. bidrag frå 17.mai-komiteen at elevane på Uskedal skule fekk oppleve ein skikkeleg draumedag i Fjellhaugen midt i mars. No er det gode muligheter for repetisjon for i går kom følgjande melding:

Det vart litt overskudd etter 17mai feiringa i fjor, og difor hadde vi lyst å bruke dette på noko som kunne glede mange. 17 mai er jo barnas dag i hovudsak, så då passar det godt at vi kan bruke det på noko som kjem dei til gode!

I år som i fjor, vil komiteen sponse skulen med pengar til skidag i Fjellhaugen. Dato for skidag er det rektor og lærarane som kjem til å finne fram til. Håpar det vert ein flott aktivitetsdag for alle !

Mvh

Styringsgruppa i 17mai komiteen

Nett: Thor Inge Døssland



Vert det like fint på skidagen i år?